



Møtereferat

Organisasjon:	SIMAS IKS
Møtenummer:	6-2021
Dato:	29-30.11.2021
Tidspunkt:	08.30 – 12.00
Stad:	Skei Hotell, Sunnfjord, Sogndal kommune
Type handsaming:	Styremøte

Til stades:

Jøril Hovland (styreleiar)
Petter Sortland
Birgit Lervik
Marianne Ovrid
Ståle Øvstetun
Åge Skrede

Frå administrasjon:

Hallvard Thomassen, Aud Jane Beheim, Dagny Ugulsvik Alvik, Geir Øygaard

Forfall

Lene Wågsbø Wiese, Geir Ove Bøthun, Arnstein Menes

G 11/21 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Innkalling og sakliste vart godkjent

G 12/21 **Godkjenning av referat frå styremøtet 01.10.21**
Referat frå styremøtet 01.10.21 vart godkjent og signert.

Orienteringssaker

O 17/21 **Driftsorientering**
Administrasjon informerte om status for drifta og pågåande prosjekt.

Samrøystes vedtak:
Styret fekk orientering om drifta og arbeidet med pågåande saker

O 18/21 **Rekneskap pr oktober 2021**
Rekneskapsrapporten pr 31.10.21 viser omsetning og driftsresultat over budsjett.

Samrøystes vedtak:
Styret tek rekneskapsrapporten pr oktober 2021 til vitande

O 19/21 **Orientering om SIRKLA Ressurs AS**
Det vart gitt informasjon om drift og resultat i SIRKLA Ressurs AS.

Samrøystes vedtak:

Styret tek informasjon om SIRKLA Ressurs AS til vitande

- O 20/21** **Orientering frå møtet i representantskapet i SIMAS IKS den 22.10.21**
Det vart gitt informasjon frå møtet i representantskapet i SIMAS 22.10.21.

Samrøystes vedtak:

Styret tek informasjon frå møtet i representantskapet til SIMAS IKS til vitande

- O 21/21** **Status ny direktør i SIMAS IKS**
Proessen med tilsetting av ny direktør pågår og det vart gitt informasjon om framdrifta.

Samrøystes vedtak:

Styret tek informasjon om prosessen med tilsetting av ny direktør i SIMAS til vitande

Drøftingssaker

- D 21/21** **Endring av investeringsplan for SIMAS IKS**
Etter at budsjettet vart vedteke er det kommen kostnadsoverslag på fleire av prosjekta som var planlagt i 2022. I tillegg er det tydeleg signal på at leveranse av køyretøy/bilar vert forsinka, mest truleg 1.kvartal i 2023. Med bakgrunn i endra forutsetningar for gjennomføring av vedtatt investeringsplan 2022 bør ein vurdere ein samla gjennomgang av konsekvensane dette får.

Konklusjon:

Administrasjonen får i oppgåve å gjennomføre ein samla gjennomgang av investeringsplan til neste møte

- D 22/21** **Drøfting etter felles styremøte med andre IKS-selskap**
I forkant av styremøte er det felles styremøte med styra i SUM og NOMIL. Dette møtet er kommen på plass etter felles ønskje frå alle selskapa. Styret i SIMAS drøfta samarbeid innan avfallsektoren i styremøte 15.12.20 (Sak 24/20), i tillegg til drøfting rundt NOMIL sitt biogassprosjekt (sak D12/20).

Konklusjon:

- 1. Administrasjonen får fullmakt til å arbeide vidare med administrativt samarbeid der dette er ønskeleg eller tenneleg.*
- 2. Administrasjonen får ansvaret for å gjennomføre eit felles styremøte til for å konkretisere mogeleg samarbeid om slutthandsaming av avfall mellom selskap.*

- D 23/21** **Forsikringsgjennomgang**
Styret har årleg gjennomgang av selskapets forsikring i samsvar med årsplan for styret. Det vart inngått ny forsikringsavtale 01.07.21 etter anbudsprosess sist vinter. Avtalen gjeld 1 år (til 30.06.22), med opsjon på 1 år. Det var to tilbydarar. Det var stor prisforskjell mellom tilbydarane og liten



simas

For eit reint og miljøvenleg Sogn

kvalitetsforskjell. Me ser likevel at det var prisforskjell på nokre element og ein bør vurdere å dele førespurnaden opp slik at ein kan velje.

Konklusjon:

Administrasjonen får fullmakt til å forlengje avtalen med Gjensidige til 30.06.23.

Vedtaksaker

V 10/21 **Årsplan for styret i SIMAS IKS**

Utkast til årsplan for styret var utarbeida og sendt ut før møtet. Årsplan vart korrigert i møtet

Vedtak (samrøystes)

Styret i SIMAS IKS vedtek årsplan for 2022.


Oppfølgingssaker

- Oppfølging mottak av slagg. Det er dialog med leverandøren for å sikre at kravet ikkje vert forelda.
- Oppfølging Handlingsplan 2021 vart ikkje gjennomgått men ligg ved styrepapira.

Skei 30.11.2021



Jøril Hovland
styreleiar



Petter Sortland
nestleiar

Lene W. Wiese
styremedlem



Marianne Ovrud
styremedlem



Ståle Øvstetun
styremedlem



Geir Ove Bøthun
styremedlem

Birgit Lervik
styremedlem



Åge Skrede
varamedlem